



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato:
02.09.2019

Vår ref:
2019/15659

Dykkar dato:
05.08.2019

Dykkar ref:
19/305

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon - Masfjorden - 17/13 - oppføring av båthus båtopptrekk og kai.

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.08.2019. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealDEL og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av båthus, båtopptrekk og kai på gnr. 17 bnr. 13.

Kommunen har ikkje gjort greie for kva som er plansituasjonen eller kva dispensasjonar som er naudsyn. Vi ber om at kommunen tar stilling til dette ved oversending av dispensasjonar til uttale. Etter det vi kan sjå er det naudsint med dispensasjon frå LNF-spreidd bustad på land, bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø og plan og bygningslova § 1-8.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Kommuneplanen for Masfjorden vart vedtatt 09.05.2019 og i denne prosessen vart byggjegrensa mot sjø konkret vurdert i fleire områder. Tiltaka ser ut til å vere i strid med byggjegrensa satt i kommuneplanen for kort tid sidan. Nye naustområde var også vurdert i kommuneplanprosessen.

Området tiltaka skal plassert må reknast som tilgjengeleg strandsone og det er uheldig å byggje ned og privatisere slike områder.

I søknaden står det at tidlegare eigar hadde byggjeløyve for oppføring av naust og kai og at arbeidet vart påbegynt men ikkje fullført. Området naustet skal setjast opp er difor allereie planert. Slik vi



forstår søknaden skjedde dette rundt 1985. Dette er lenge sidan, og strandsoneforvaltninga har blitt vesentleg innskjerpa sidan den gang.

På noverande tidspunkt kan vi ikke sjå at fordelane er større enn ulempene. Fylkesmannen rår difor ifrå dispensasjon i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndighet har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent